



# Statens vegvesen

**Dato:** 02.03.2023  
**Tid:** 18 – 1940  
**Referent:** Turid Hagelia Korshavn

**Sakshandsamar:** Turid Hagelia Korshavn  
**Tlf sakshand** 930 96 282  
**Vår dato:** 03.03.23

## Informasjonsmøte 02.03.23 – oppsummering

<b>Møtenr:</b>	Informasjonsmøte 1 – ved varsel om planoppstart
<b>Stad:</b>	Vinjar
<b>Møteleiar:</b>	Turid Hagelia Korshavn

Punkt	Sak
1	<p><b>Presentasjon</b></p> <p><u>Frå Statens vegvesen:</u> Sigurd Wiberg, prosjektleiar Turid Hagelia Korshavn, planleggingsleiar Dag Rune Kvålen, byggeleiar Gro Jubskås, grunnervervar</p> <p><u>Frå Vinje kommune:</u> Jon Rikard Kleven, ordførar Liv Sigrun Nykos Midtun, leiar av plan- og miljøutvalet Åsmund Ringhus Nordheim, rådgjevar for plan- og byggesak</p> <p><u>Frammøtte</u> ~50 stk</p>
2	<p><b>Informasjon om/presentasjon av prosjektet</b></p> <p>Gjennomgang av presentasjon. Det visast til denne. Sjå vedlegg.</p>
3	<p><b>Visning av 3D-modell</b></p> <p>Vegvesenet viste modell av to utkast til alternative vegliner, ei linje langs dagens veg gjennom Kjerringdalen og ei ytre linje vest for Kjerringdalen. Vi er i tidleg fase og linene som blei vist er ikkje optimalisert. Det vil bli endringar av lina som blir vald. Modellen viser ein korridor.</p> <p>Formålet med visninga var å på eit overordna nivå får fram arealbeslag og gjere det lettare å sjå omfang og konsekvensar av vegutbetringa.</p>

	<p>Det er ein god del usikkerheit. Stikkord; fyllingar, skjæringar, massebalanse, avkøyrslar og atkomstveggar, nærføring bustader mm.</p>
4	<p><b>Kartarbeid</b> Kart over strekninga blei lagt ut og kommentarar og forslag notert på kart.</p>
5	<p><b>Oppsummering og avslutning</b> Sjå siste ark i presentasjonen.</p> <p>Det er usikkert når prosjektet skal byggast. Pengar blir løyvde gjennom statsbudsjettet kvart år. Det arbeidast for å få løyvd pengar til bygging så snart som mogleg.</p> <p>Ordførar orienterte om gang- og sykkelveg. Vinje kommune er TS-kommune. Kommunen har handlingsplan for trafikksikring. Ein må sjå på rekkjefølgja på tiltak langs E134 i handlingsplanen. Statens vegvesen skal etter kvart planleggje utbetring av E134 frå Særensgrend og vidare austover. Kommunen og Statens vegvesen skal møtast og for å vurdere gang- og sykkelveg langs E134 etter at fristen for merknader er gått ut.</p>